

Lindås Kommune
Byggesaksavdelinga
Sak 14/1864-15/30355

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
28. 10. 2015	
Ark. saksnr	Løpenr
Sakstl.	Tilgangskode

Grøttveit 28.10.15

Vedrørande klage på avslag om mellombels bruksløyve, utleigeeining, Gnr 190 Bnr 2

Sjølv om denne saka er godt kjent i byggesaksavdelinga til kommunen og dermed skulle vera unødvendig å kommentera noko meir, er det i klagu framsett ein svært urimeleg påstand som underteikna ikkje kan la stå uimotsagt:

«Magnus Grøttveit har med sine utspill frå starten av vanskeliggjort innflytting og bruk av huset til tiltakshaver, slik denne opplever det.»

Etter å ha fått krav frå kommunen om etablering av ny avkjørsle frå kommunevegen kom Trond Grøttveit til meg og spurde om grunn for dette. Han fekk avtale om fri grunn og etter at ein var einige om trasè vart vegen teikna av ein nabo og godkjent av kommunen. Han var svært nøgd med dette for no kunne han starta husbygginga, og lovnaden var at vegen skulle byggjast parallelt med husbygginga.

Utan i det heile å snakka med meg snudde Trond Grøttveit i saka og av ukjente årsaker kom det i staden brev frå advokaten hans. Breva inneholdt både usaklege, ulogiske og direkte løgnaktige påstandar både om meg og naboane.

Likelydande brev var også sendt til kommunen, der formålet tydelegvis var å få omgjort kravet om ny avkjørsle.

Eg har aldri hatt kontakt med kommunen i denne saka før eg tilfeldigvis fekk vita at kommunen hadde vore på synfaring etter påstand frå advokaten om at eg hadde sagt meg villig til å riva garasjen min, og at dette skulle bidra til at kommunen fråfall kravet om ny avkjørsle.

Ein må vel kunna sei at det er naturleg å reagera når opplysningar basert på ei løgn gjer at kommunen vurderer riving av bygning utan å informera eigar.

Sjølv no, etter all denne trakkasseringa i brevs form frå advokat, har Trond Grøttveit framleis tilbod om fri grunn for etablering av ny avkjørsle og veg.

Dette er også meldt tilbake til hans tidlegare advokat seinast 20.05.14 Han har med andre ord hatt snart 6 år på seg til å innfri kravet frå kommunen.

Dersom det som er nemnd over er å «vanskeleggjera innflytting og bruk» må både advokat og Trond Grøttveit ha misforstått noko fullstendig.

Trond Grøttveit har i desse åra ikkje gjort noko for å imøtekamma kommunen sitt krav eller på noko måte forsøkt å fremja eit godt naboforhold.

At eg no tek til å reagera på alle løgner som er blitt fortalt og skrive om meg, er vel ikkje anna enn venta.

Ny advokat heldt fram i same sporet som den tidlegare og etter ein gong vert forskjellbehandling brukt som eit argument.

Dette til tross for at kommunen tydeleg har gjort greie for at så er ikkje tilfelle og fått støtte for det frå klagenemd og Hordaland Fylkeskommune.

At Trond Grøttveit taper leigeinntekter over ein lang periode må i høgste grad seiast å vera eit sjølvståande problem.

Hadde han bygd ny avkjørsle og veg slik det var tenkt for snart 6 år sidan, er det innlysande at han for lengst kunne tent pengar på utleige.

Etter brotne lovnader av Trond Grøttveit og ukorrekte opplysningars frå advokaten framstår både argumentasjonen og konklusjonen i klagan som lite truverdig.

Magnus Grøttveit

A handwritten signature in blue ink that reads "Magnus Grøttveit". The signature is fluid and cursive, with "Magnus" on top and "Grøttveit" below it.